



ULVIK KOMMUNE  
Skeiesvegen 3  
5730 ULVIK

Dato: 26.04.2016  
Vår ref.: 2016/4006-4  
Saksbehandlar: livsund  
Dykkar ref.: 16/158-1/K1-141/JGR

## Høyring av kommuneplanens arealdel 2016 – 2028 - fråsegn

Vi viser til brev datert 21.03.2016 med melding om høyring av kommuneplanens arealdel. Forslag til kommuneplanens arealdel var også på høyring i 2013 utan at det vart gjort planvedtak. Planforslaget som no er på høyring er justert etter innspel og motsegn til planforslaget etter høyringa. Fordi det har gått lang tid er forslaget no lagt ut på 2. gongs høyring.

Kommuneplanar skal etter regelen handsamast politisk i fylkeskommunen. I dette tilfellet viser planforslaget seg å vere om lag identisk med høyringsforslaget i 2013, med unntak av ein del justeringar. Det er ikkje lagt inn nye område, og område der det var motsegn er no tatt ut. Forslaget til arealdel som no er på høyring vert derfor handsama administrativt i fylkeskommunen, men med melding til utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU).

### Bakgrunn

Då planforslaget var til politisk handsaming i Kultur- og ressursutvalet 16.04.2013, var det vedteke å fremje motsegn til planforslaget (jmf brev med melding om vedtak 18.04.2013). Motsegna gjaldt bustadområde B1 og industriområde I2, begge på kulturminnefagleg grunnlag.

Hordaland fylkeskommune var invitert til møte og synfaring 15.08.2013 der representantar frå fylkeskommunen v/ planseksjonen og kultur- og idrettsavdelinga var til stades, saman med kommuneadministrasjon og politisk leiing i Ulvik herad.

Etter møtet vart ein einige om at Hordaland fylkeskommune skulle ta med tilbakemeldingane frå møtet og diskutera om det var høve til å sjå på eit mindre areal av det opprinnelege bustadområde B1 i kommuneplanen. I brev 22.10.2013 frå Kultur- og idrettsavdelinga var det konkludert med at om Ulvik herad gjer dei endringane som er skissert kan Hordaland fylkeskommune trekkja motsegna til kommuneplanen.

Drøfting av planen var tatt opp att hausten 2015, då det var eit møte mellom Ulvik herad og representantar frå fylkesadministrasjonen på fylkeshuset **06.10.2015**.

### Merknader til revidert planforslag

Hordaland fylkeskommune vurderer generelt planforslag ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsetting. Denne fråsegna vil i hovudsak ta for seg dei endringane som er gjort sidan forrige høyring. For utfyllande kommentarar og innspel viser vi til vår fråsegn frå 2013. Saksutgreiinga til møte i Kultur- og ressursutvalet 16.04.2013 er derfor lagt ved. Ein del referansar til regionale planar (tidlegare fylkesplanar og fylkesdelplanar) i denne saksutgreiinga er utdatert. Dette har likevel lite å seie i praksis når det gjeld innspel og merknader til dei ulike plantema og element i planforslaget.

Vi ser at det i det reviderte planforslaget er behov for ei oppdatering av overordna rammer og føringar. For oversikt over regionale planar viser vi til oversikt på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no), plan og planarbeid, direkte lenke: <http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regionale-planar---oversikt/>.

Ein særleg relevant ny plan for senterutvikling og utbyggingsmønster er Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (2014), og vi rår til at denne vert teke aktivt i bruk i vidare planlegging og tilrettelegging i heradet. Det er også vedteke ein ny regional kulturplan. gar i regionale planar.

### Endringar i revidert høyringsforslag

Under er vist samanstilling av vedtaket i Kultur- og ressursutvalet og korleis merknader og motsegner er handtert i det reviderte planforslaget.

#### «1 Senterutvikling og utbyggingsmønster

*For å stø opp om ei god senterutvikling bør eventuell utbygging i område for LNF-spreidd bustadbygging/ fritidsbusetnad SB/F3 Sponheimshagen innskrenkast til føremålet fritidsbusetnad med krav om reguleringsplan og føresegner som sikrar landskapsomsyn.*

Nytt forslag: det er no berre lagt opp til utbygging av fritidsbustader i Sponheimshagen og ikkje bustader.

#### 2 Strandsone, landskap og friluftsliv

a) *Bustadfeltet B2 Andreasstykkje ligg i eit kulturlandskap nær strandsone og vert eit attraktivt bustadområde. Føresegnene må sikre god landskapstilpassing og leikeområde for born.*

Nytt forslag: Andreasstykkje er tatt ut

b) *Av omsyn til landskap og tryggleik i bratt terreng bør område for spreidd fritidsbusetnad SF1 Sjøhagen vurderast på nytt. Ved eventuell utbygging må det utarbeidast føresegner som sikrar omsyn til landskap.*

Nytt forslag: Sjøhagen er vidareført som spreidd fritidsbusetnad. Føresegner?

#### 3 Kulturminne

a) *I bustadområde B1 Øvre Skeie/Ilflaten er gjort funn av automatisk freda kulturminne og det er kjent at her har lege eit stort strandgravfelt frå jernalder med gravhaugar og bautasteinar. Det er også gjort funn frå bronsealder. Frigjeving av området vil verte kostnadskrevjande. Det vert fremja motsegn mot bustadområde B1 på grunn av eksisterande automatisk freda kulturminne og stort potensiale for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne.*

Nytt forslag: Ilflaten er tatt ut. *Det same gjeld området på Skeie nordaust for Ilflaten. Område B1 er då redusert til Hjelmavoll, frå vegen og eit stykke ned mot stupet mot Ilflaten. Her vert det krav om § 9 i samsvar med kulturminnelova når reguleringsplan vert fremja.*

b) *Det vert fremja motsegn mot industriområde I2 på grunn av konflikt med gravrøysene som ligg inne i det føreslegne industriområdet. Motsegn kan trekkjast dersom området mot søraust vert redusert. Delar av arealet nedanfor gravrøysene bør gjennom framtidig planprosess tilbakeførast til eit meir opprinneleg landskap.*

*Området mot søraust er tilstrekkeleg redusert i høve til opprinneleg forslag. Vi vil også presisere at delar av arealet nedanfor gravrøysene bør gjennom framtidig planprosess tilbakeførast til eit meir opprinneleg landskap.*

c) Hordaland fylkeskommune tek atterhald om byggjeområde i planen inntil undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både land- og sjøområde.

Hordaland fylkeskommune ber om at desse merknadane vert teke med i føresegnene:

d) For mellomalderkyrkjestaden på Hakastad er alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminnet ikkje tillate utan etter dispensasjon frå Kulturminneloven. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette antikvariske myndigheit, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt satt i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar.

Nytt forslag: Er teke inn i føresegnene punkt 5.3.2.

e) Ulvik kyrkje er ei freda kyrkje. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som angår Ulvik kyrkje skal til Riksantikvaren for rådgjevnad før det vert fatta vedtak av kyrkjeleg myndigheit etter kyrkjelova.

Nytt forslag: Er teke inn i føresegnene punkt 5.3.3.

f) Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø, og andre kulturminne (som til dømes sjøbruk) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og verte sett i stand, jf. PBL § 11-9 nr. 7.

Nytt forslag: Er teke inn i føresegnene punkt 5.3.4.

g) Undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminnelova skal oppfyllest på reguleringsplannivå. Dette gjeld også for areal i sjø.

Nytt forslag: Er teke inn i føresegnene punkt 5.3.5.

Hordaland fylkeskommune ber om at det vert knytt følgjande retningslinjer til omsynssone c:

h) Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering i høve Kulturminnelova, jf. § 3.»

Nytt forslag: Er teke inn i føresegnene punkt 5.3.6.

Våre merknader og motsegner til planforslaget ved forrige gangs høyring er stort sett teke omsyn til i det reviderte planforslaget, og motsegnene kan derfor trekkjast.

## **Tilleggsmerknader ved 2. gangs høyring**

### Samferdsel

I føresegnene er det lagt opp til å konsentrere bustader, næring og sentrumsføremål i sentrumsområder. Dette er positivt i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer. Målsettinga er å redusere bruk av privatbil, og gjere det enkelt å gå eller sykle. Å samle slike viktige målpunkt er også ein føresetnad for eit best mogleg kollektivtilbod.

Bruravik ferjekai er i HFK og Statens vegvesen sitt eige, men kaia og vegen frå kryss fv 542 har ikkje lenger funksjon som fylkesveg. Ulvik herad ønskjer å nytte området til industri og næring, og det er sett i gang ein prosess kring overtaking av arealet slik at området kan nyttast til eit slikt formål.

Til slutt vil vi minne om at «Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser 2013-2016» er retningsgivande for

kommunane i arealplanar som omhandlar fylkesveg.

Kulturminne og kulturmiljø

*Våre innspel er i stor grad imøtekomne.*

### **Konklusjon**

Motsegner til tidlegare planforslag er trekt.

For vidare kommunal planlegging i Ulvik vil vi vise til synspunkt på kommunal planstrategi i brev datert 22.02.2016. Dette er også å finne på <http://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/kommunal-planlegging/kommunal-planstrategi/>. Vi gjer merksam på at ein del lenker i dette dokumentet ikkje lenger verkar, då fylkeskommunen no har fått nye nettsider. Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart er no å finne på dei nye nettsidene [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no), under plan og planarbeid.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Liv Sundheim  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Liv Sundheim, Seksjon for plan, regionalavdelinga

Lars Øyvind Birkenes, Fylkeskonservatoren

Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest